



Universitetsmuseet, Avd. for kulturhistorie,
Samlingsseksjonen

Dato: 24.08.2016
Vår ref.: 2014/10587-47
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:

Att. Tor Arne Waraas

Oversending av funn og rapport frå § 9 registreringar - områdeplan fv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune

I samband med områdeplan for fv 555 Sotrasambandet i Fjell kommune gjennomførte Hordaland fylkeskommune arkeologiske registreringar i planområdet i 2013, samt ei mindre tilleggsregistrering i 2015 ved høyring av plan. Resultata er samla i ein rapport, som er vedlagt (Kulturhistoriske registreringar, rapport 61 – 2013).

Registreringa påviste ei rekke funnområde på Bildøy og i Arefjordpollen på Litlesotra, korav 18 nye automatisk freda kulturminne (Askeladden-id 169978, 174695, 174697, 174992, 174994, 174995, 194997, 174999, 175001-175005, 175008, 175010, 175012, 175022), samt tre funnstader utan vernestatus (Askeladden-id 174998, 175023, 175264).

Lokalitetane med id-nr 169978, 174695, 174992, 174994, 174995, 174997, 175003-175006, 175012, 175022 er dispensasjonshandsama etter kml § 8.4. ledd i samband med høyring av plan. Funnmaterialet innsamla ved registrering er i hovudsak avslag, reiskapar og øvrig materiale frå eldre og yngre steinalder. Lokaliteten id 175012 viser spor etter aktivitet både i eldre og yngre steinalder, eldre jernalder og vikingtid/mellomalder. Funnmaterialet frå id 175012 kan i hovudsak knytast til steinbrukande tid. Det er vidare funne brent bein i to prøvestikk. Brent bein er òg påvist i prøvestikk på id 174697, der var beinmaterialet så dårleg bevart at det ikkje kunne samlast inn. For ytterlegare opplysningar om lokalitetar og funn viser vi til vedlagte rapport.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.